

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/1796-3

## Bruk av forkjøpsrett ved erverv av fallrettar i Støylselvi for bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje gjere sin forkjøpsrett gjeldande når det gjeld fallrettar i Støylselvi som skal nyttast ved bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune.

**:: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

Vedlegg:

1. Brev av 28.02.2014 frå Olje- og energidepartementet.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

SFE Produksjon AS har søkt om konsesjon for regulering av Storevatnet og Dalevatnet og overføring av Støylselvi ved bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune. Søknaden gjeld også erverv av fallrettane i Støylselvi etter industrikonsesjonslova, Lov om erverv av vassfall m.m. I tråd med denne lova, § 6 nr. 1 har staten forkjøpsrett ved konsesjonspliktige erverv av fall. I tråd med § 9 nr. 1 har fylkeskommunen forkjøpsrett når staten ikkje nyttar sin rett etter § 6 nr. 1.

I brev av 28.02.2014 frå Olje- og energidepartementet vert fylkeskommunen orientert om at staten ikkje vil nytte sin forkjøpsrett. Fylkeskommunen må ta standpunkt til ev. bruk av sin forkjøpsrett innan tre månader frå brevet er motteke, dvs. 28.05.2014. Forkjøpsretten vil falle bort, om den ikkje er gjort gjeldande innan fristen på tre månader.

Fylkeskommunen har søkt om utsett frist til etter første fylkesting. Departementet har imøtekome søknaden og ny frist er sett til 15.06.2014.

### 2. Kva saka gjeld

SFE Produksjon AS har søkt om løyve til å regulere Storevatnet og Dalevatnet innafor naturleg vasstandsvariasjon, med inntak i Dalevatnet og eit bekkeinntak i Støylselvi. Fallet er søkt nytta ned til foten av Gjengedalsfossen. Søknaden vart ved brev 03.02.2014 frå NVE sendt på høyring m.a. til fylkeskommunen. Av søknaden går det fram at det vert søkt om konsesjon etter industrikonsesjonslova for å kunne erverve fallet i Støylselvi, jf. klipp frå søknaden:

NVE – Konesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

### **Søknad om konsesjon for bygging av Gjengedal kraftverk**

SFE Produksjon AS ynskjer å nytte vassfallet frå Dalevatnet til foten av Gjengedalsfossen i Gjengedalsvassdraget i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

#### **I Etter Industrikonsesjonsloven § 1 om løyve til:**

- å erverve fallet i Støylselva.

#### **II Etter Vassdragsreguleringsloven om løyve til:**

- å ta vatn frå Støylselva, regulere Dalevatnet og Storevatnet (alternativ 1)

#### **III Etter Vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:**

- å byggje Gjengedal kraftverk, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane

Ved første gangs handsaming av erverv etter industrikonsesjonslova har staten og deretter fylkeskommunen forkjøpsrett til vassfall, jf. §§ 6 og 9.

### **3. Vurdering og konsekvensar**

Tiltakshavar for Gjengedal kraftverk er SFE Produksjon AS. SFE Produksjon AS (SFE) er eit heileigd dotterselskap i SFE-konsernet. Dei to hovudaksjonærane i konsernet er Sogn og Fjordane fylkeskommune (48,15 %) og BKK AS (38,54 %). Dei andre aksjonærane er sju kommunar i fylket (Flora, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Selje, Eid og Naustdal).

Fallretten som skal ervervast, er nødvendig for å kunne realisere den aktuelle delen av utbyggingsprosjektet Gjengedal kraftverk. Søkjaren har frå før hand om dei andre fallrettane i prosjektet.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at fylkeskommunen skulle ha interesse av å tileigne seg desse fallrettane.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår frå at fylkeskommunen gjer forkjøpsretten til fallrettane gjeldande. Mynde til å gjere vedtak om forkjøpsrett etter industrikonsesjonslova § 9 nr. 1 ligg til fylkestinget.